

Vellukka GRANOTENNING for 53. gongen

04.12.2015



Så skin ho att-----

Så skin ho att, Uskedalens største attraksjon og det skjer for femtitredje gongen! Tenninga fant stad i ettermiddag under brukbare vertihøve og oppslutninga var etter vår meining større enn på fleire år. Dette året var ikkje Helgheim ein del av arrangementet. Det var konsentrert til eit telt og Gamleskulen, og må karakteriserast som vellukka. Men ramma var den gamle og gode, med innleiande juletonar ved musikklaget. Og då dei uslitelege musikarane spela om lyset i alle grender stråla GRANO slik ho plar og skal gjera.



Unge diktarar . Jonathan og Jostein

Børsdalsnissen svikta sjølvsgåt heller ikkje. Han var innom Gamleskulen og Spar, og spela og song Prøysens julekveldssong. Og faktisk er nissen flinkare enn før på hedemarksdialekt!

Ute på plassen hadde ei jentegruppe eit flott danseprogram. Imponerande var det, og dei ordna alt sjølv inkludert innøving og introdusering. Desse ungdommene viser flott initiativ, er flinke til å organisera og er aktive i mange samanhengar. I fjor var dei med og øvde inn eit flott julespel til tenninga.

Sjølvsgåt vart det trøngt i Gamleskulen, men det var berre sjærmerande. Det var mange tilbod der, men vi vil setta ein strek under sjuandeklassingane som hadde laga ei fin diktbok kalla TANKAR OG FØLELSAR som er vel verd å lesa også for såkalla vaksne.

Vi unnar oss eit vers av Saima:

**Livet er ei tid ein må ta vare på,
å leve er det viktigaste i livet,
ta vare på livet
så tar livet vare på deg**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Julemat var det nok av i teltet